
Saknr: 2020/35723-2
Saksbehandlar Marta Rongved Dixon
Dato: 01.04.2020

Til: Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon
Frå: Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling

Vidareføring av tiltak for cruiseturisme i Vestland

Samandrag

Sidan 2014 har Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal samarbeida om å utarbeide ein strategi med tilhøyrande tiltaksplan for korleis ein skal handtere cruiseturismen til Vestlandet. Cruisetrafikken til Vestlandet har vore i sterk vekst dei siste 10 åra, og veksten held fram. Skal ein leggje til rette for ei berekraftig utvikling er det nødvendig med tiltak for å sikre at skipsfarten i regionen skjer med så liten effekt på miljøet som råd er, at ein tek omsyn til dei lokale i områda og at verdiskapinga på land er maksimal.

Vestlandsrådet har bidratt med midlar frå eigne budsjett utviklinga av strategi og handlingsplan. Frå 2020 er det gitt signal om at dei einskilde fylkeskommunane sjølve må finne midlar til vidareføring av arbeidet. Vestland fylke vil halde fram arbeidet med tiltaka, i samarbeid med Rogaland og Møre og Romsdal fylkeskommunar. Vi gjer merksam på at saka er skriva før korona-pandemien.

Bakgrunn

Sidan 2014 har fylkeskommunane på Vestlandet samarbeida om å lage ein felles strategi for korleis ein best mogeleg kan handtere cruiseturismen til Fjord Norge-regionen. Initiativet til arbeidet kom frå nettverksgruppa Forum Reiseliv Hordaland (leiarane i Destinasjonsselskapa i Bergen, Voss, Hardanger og Sunnhordland), NHO Reiseliv Vest, Innovasjon Norge, Fylkesmannen, Fylkeskommunen, Hanen, Fjord Norge AS og NCE Tourism). Etter at ein forstudie blei utarbeida i Hordaland, blei vidare arbeid straks utvida til å gjelde alle dei fire fjordfylka, med Vestlandsrådet som bestillar av arbeidet.

Medan cruisetraffikk til Noreg utgjer ein betydeleg del av verdiskapinga i hamner, kan dei store gruppene som kjem også være utfordrande for lokalsamfunnet å handtere. Særleg er tilgang på godt dimensjonerte fellesgode som toalett, infrastruktur for bussar og spreing av gjestane i tid og rom ei utfordring mange stader. Det er ikkje alltid samsvar mellom dei som tener mest på gjestane, og dei som får utgiftene med å leggje til rette for besøket. Enkelte stader opplever fastbuande at gjestane blir for nærgående og har for liten respekt for privat eigedom. Samstundes kan cruiseturismen være årsaka til at mindre stader kan oppretthalde lokale tilbod som post, butikk og serveringsstader.

Forum Reiseliv bad derfor fylkeskommunen lage ein strategi for korleis ein kan handtere utfordringane cruiseturisme gjer, og betre utnytte mogelegheitane som fylgjer med. Dette særleg med utgangspunkt i prognosar frå UNWTO (United Nations World Tourism Organisation) og TØI (Transportøkonomisk institutt) som i 2017 viste ei venta dobling av talet på dagspassasjerer til Vestlandet fram mot 2041. Tal frå 2019 viser at veksten så langt er omtrent på linje med desse prognosane.

Verdiskaping frå cruiseturistar i land

Ein har ikkje i stor nok grad klart å ta ut potensialet som ligg i det høge talet på gjestar som kjem sjøvegen. Innovasjon Norge sin turistundersøkelse [Cruiseturismen i Norge 2019](#) viser at gjennomsnittleg totalt forbruk per cruisepassasjer er kr 25 800. Av denne summen går over 90% til cruisereiarlaga. Det er ikkje mogeleg å måle kor mykje av cruiseturisten sitt totale forbruk som går

til norsk økonomi, utan å ha innsikt i reiarlaga sine kjøp av tenester frå norske aktørar. Cruiseturistane brukar i gjennomsnitt kr 2 180 per person i land i Noreg, inkludert utflukter og ekskursjonar kjøpt frå cruisereiararen. Det totale forbruket for cruiseturisten som kjem til Noreg i sommarsesongen er estimert til 21,08 milliardar NOK. Av dette bidreg cruise gjestane med 1,8 milliardar kroner som eit direkte økonomisk bidrag til Noreg. Til samanlikning utgjer forbruket som går til norsk økonomi frå andre ferie-reisande i same periode 10,3 milliardar kroner. Noko meir av forbruket vil indirekte tilfalle Noreg, gjennom reiarlaga sine betalte hamneavgifter, kjøp av drivstoff og kjøp av varer og tenester frå lokale leverandørar. Innovasjon Norge si undersøking har kartlagt gjesten sitt forbruk, og ikkje reiarlaget sine kostnader.

Fylkeskommunane sitt arbeid med cruisestrategi

Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020 blei arbeida fram i tett samarbeid med kommunar, hamner og bransjeorganisasjonar og næringsaktørar i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Handlingsplan cruisestrategi for Vestland fylka 2018-2020 blei laga, med ei rekkje tiltakspunkt innafor innsatsområda miljø og klima og verdiskaping. Vestlandsrådet finansierte arbeidet med strategien, og delfinansierte arbeidet med å lage handlingsplanen.

I 2019 bidrog Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal med kr 140 000 kvar til arbeidet med tiltakspunkta. Arbeidet blei gjennomført av Amland Reiselivsutvikling, med ei arbeidande styringsgruppe frå dei fire fylkeskommunane. Ein nasjonal cruisekonferanse blei arrangert i Bergen 29. oktober 2019. Konferansen blei opna av statssekretær Atle Hamar frå Klima- og miljødepartementet, og 160 deltakarar frå heile landet var påmeldt. Konferansen vart svært godt motteke og det er ynskje om eit slikt arrangement også i 2020.

Tiltaka i handlingsplanen er i stor grad prega av å være kompliserte problemstillingar som krev samarbeid mellom fylke, kommune og næringsaktørar. Nokre av tiltaka krev også arbeid inn mot nasjonalt nivå, t.d. problematikken knytt til fellesgodefinansiering, hamnelov og eventuelle endringar i datagrunnlaget frå SSB.

Planar for vidareføring av tiltaka

Fylkeskommunen har fått svært positive tilbakemeldingar på strategi og handlingsplan som er laga, og for at fylkeskommunen har tatt ei aktiv rolle innafor området. Det er ynskjeleg og nødvendig å halde fram med arbeidet som ligg i tiltaka. Ein har derfor valt å vidareføre samarbeidet med Amland Reiselivsutvikling som prosjektleiar. Vestlandsrådet har gitt signal om at det ikkje vil bli vidareført støtte til felles prosjekt mellom fylka, men at dei ulike fylka må finne egne midlar. Næringssejane i Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal har jamleg samarbeid, og vil bli samde om fordeling av felles innsats.

Samla kostnad for vidareføring av tiltaksplanen for cruise 2020:

Prosjektleiar	420 000
Nasjonal cruisekonferanse	80 000
Kjøp av tenester, reiser mm.	100 000
Totalt	600 000

Det er venta at Vestland fylke sin del vil være 1/3 av kostnadane, kr 200 000.

Dette som ei oppdatering om arbeidet innan oppfølging av handlingsplanen for cruise. Og som tidlegare nemnt er saka skriva før koronapandemien.